

## Stor lekkasje på nettet til vassverket

20.10.2010



Uskedalselva - framtidig reservekjelde? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er ein stor lekkasje på nettet til vassverket og han bør bli avslørt snarast, understrekar vassverkleiar Hans Reidar Kjærland.**



Eikelva - framleis hovudvasskjelde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Hvis vi ikkje finn ut kvar lekkasjen er får vi problem til vinteren, seier Kjærland. Han ber om at unormal susing i røyra og unormalt store vassmengder i det fri blir rapportert omgåande. Førebels har dei ingen teori om kvar lekkasjen er å finna. Ein annan og ikkje fullt så aktuell sak for vassverket er reserveforsyninga i framtida, som har vore drøfta frå tid til annan, også på årsmøta. Spørsmålet er om Uskedalselva kan vera eigna til føremålet.

No har dei kome så langt at eit firma skal på synfaring i nedre del av elva fredag. Ekspertane har med seg ein georadar og skal kartleggja grunntilhøva.

Etterpå kan dei forhåpentleg trekkja ein konklusjon om elva kan nyttast og eventuelt peika på ein eigna stad for vassuttaket..

Av Ola Matti Mathisen